

Tekstskaping: gåter

TID: 60 minutt

UTSTYR OG FØREBUING: Gode blyantar, fargestiftar, læringsbrett, tastatur, skriveprogram og ark lett tilgjengeleg.

Oppstart

Syng saman songen «Kom som du er».

Skrive gåte

Vis framsida til biletboka *Eventyret om flodhesten* og la elevane fortelje kva dei hugsar frå innhaldet og tematikken i biletboka. Samtale med elevane om at:



- Vi alle er forskjellige.
- Du er god nok akkurat som du er.
- Det er fint å tenke gode tankar om seg sjølv. Kan du seie noko du meistrar eller er spesielt nøgd med?
- Vi treng deg og den du er.

Introduser kosebamsane (dyr). Elevane får kvar sin kosebamse og skal skrive ei gåte. Alle elevane skal skrive den same tittelen, «Gåte», og den siste setninga skal vere «Kven er eg?». Minn elevane på å hugse stor bokstav, punktum og mellomrom mellom ord. Dei som ynskjer, kan teikne til. Dersom elevane blir ferdige med ei gåte, kan dei skrive ei ny. Då kan dei byte kosebamse. Når økta nærmar seg slutt, samlast elevane i lyttekrok. Det er tid for å syne fram arbeidet til elevane. Eleven eller læraren les gåtene. Den som har skrive gåta, skal få seie kven av elevane som skal få gjette kva dyr det er.

Døme frå elevarbeid

Gåte
Eg er søt.
Og eg bjeffar.
Eg kan prompe.
Dei kan lukte prompen min.
Kven er eg?

(Hund)